



Marie Pontoppidan frå Os orienteringsklubb scannar QR-koden på stolpen for å læra meir om det gamle kommunehuset (foto: Andris Hamre)

## Få trim og kunnskap på same tid

Sprekere: Med orienteringsklubben sitt nye tilbod - stolpejakt - kan du kombinera tur med kulturopplysning, og sankta poeng i kampen mot Askøy.

Av: [Andris Hamre](#) Fredag, mai 15, 2015 - 09:43

I april lanserte Os orienteringsklubb [det nye turorienteringskonseptet](#) - stolpejakt – for osingane.

– Lanseringsdagen blei ein suksess med stor interesse, både frå medlemmar i klubben og andre.

– Totalt har vi plassert ut 30 stolpar i og rundt sentrum. 16 av desse er ei kulturminneløype som vi har laga i samarbeid med Os kommune. Kartet til desse postane kan ein få gratis på kommunetorget, fortel Marie Pontoppidan i orienteringsklubben.

### Scan koden og lær noko nytt

Stolpane du jaktar på er oransje og ein meter høge.

– Dei aller fleste er merka grøne i kartet og er lett tilgjengelege. Dei som er merka blå skal òg vera lett å finna, men dei kan ligga litt utanfor sti eller veg.

– På alle kulturminnestolpane, som tildømes den her ved det gamle kommunehuset, har ein QR-kode du kan scanna med telefonen din, om du har lasta ned ein høveleg app.

– Gjer du det, får du opp ei side kor du kan lesa litt om det aktuelle kulturminnet.

– Det er Tommy Sævareid som har gjort det meste av den jobben som ligg bak stolpejakta, og som skal ha skryt for den kjempeinnsatsen han har lagt ned, seier Pontoppidan.

### Bruk det mot Askøy

Pontoppidan har sjølv meldt seg på i kommunekampen mot Askøy.

- Stoplejakta er ein strålende måte å koma seg ut på og er super å bruka når ein skal samla kilometer i kampen mot Askøy.
- Det passar både for dei som vil løpe eller familiar som vil ut på ein ettermiddags- eller søndagstur.
- Ein må ikkje ta alle stolpane på same tur. Her er det berre å henga seg på, oppmodar Pontoppidan.

[Her kan du registrera deg i kommunekampen mot Askøy.](#)

## Lag din eigen konkurranse

Stolpane vil bli ståande til midten av oktober. I tillegg til å ta dei i kommunekampen mot Askøy, kan du jo òg utfordra naboen om å plukka flest mogleg poeng i sjølve stolpejakten.

- Når du er på ein post, så finn du eit nummer og ein kode. Denne kan du registrera via heimesida vår, osok.no.
- Der får du poeng, så då kan du jo utfordra naboen om å plukka flest mogleg.
- Har du lyst å ta meir enn dei 16 stolpane som er i kulturminneløypa, så kan du kjøpa kartet over dei resterande postane hos Best-stasjonen eller på nettet, forklarar Pontoppidan.

Om du tar alle dei 30 stolpane i rekkjefølgje, på éin gong, vil du leggja bak ei god strekning.

– Medlemmar som tok alle stolpane den dagen vi lanserte det fortalte at dei hadde løpt mellom 8 og 10 kilometer, men vi hadde òg ein som sit i rullestol. Han tok dei fem første postane og fekk med seg kartet for å ta dei resterande seinare, så dette passar for alle, avsluttar Pontoppidan.



Legg til en kommentar ...

Kommenter



**Kathrine Odsylv Blue** · Jobber for Vigsler for Humanistforbundet

Kjempeflott tiltak for å lære mer om lokal kulturhistorie, synleggjøre kulturminnene på en måte som appellerer både til voksne og barn. Artig å kombinere skattejakt, orientering, digital kultur og lokal kultur.

Svar · Liker · 1 · 15. mai kl. 06:18

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

